

## Saksgang

Utv	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for næring		25.11.2020

## Reiseliv – ei oppdatering og planlagt innsats frå fylkeskommunen

Forslag til vedtak

1. Hovedutval næring ber administrasjonen arbeide vidare med ein tiltakspakke for reiseliv.
2. Administrasjonen får fullmakt til å disponere disponibele restmidlar frå budsjett 2020, primært inn mot ein tiltakspakke for reiseliv og eit næring- og utviklingsfond for utsette kommunar og område.
3. Administrasjonen får i oppdrag å arbeide vidare med prosjektet Travel like the locals, innanfor ei ramme på kr 250 000 for 2021. Midlane vert dekka med disponibele midlar avsette til distrikts- og lokalsamfunnsutvikling på innovasjon og næring sitt budsjett for 2020.

## Samandrag

Reiselivet er særskilt ramma av koronapandemien. Utfordringane innan reiselivet vil truleg vedvare langt inn i 2021, om ikkje lenger. For reiselivsnæringa er fellesapparatet med destinasjonsselskapene og Fjord Norge ein særskilt viktig funksjon i ei vanskeleg tid. Gjennom første halvår fekk fylkeskommunen til ein tiltakspakke for reiseliv på nærmere 10 mill kr, gjennom ekstra støtte til destinasjonsselskapene og styrka innsats innan marknadsføring. Administrasjonen arbeider no med å få til ein ny tiltakspakke for reiseliv med tanke på ein forsterka innsats i 2021. Som orientert både munnleg og gjennom notat i hovudutvalet 5.november vert det arbeidt med å forme denne tiltakspakken, og det vert arbeidt med finansieringsløysingar.

Destinasjonsselskapene har ein krevjande økonomi framfor seg i 2021. Dette fordi del til vanleg dels er finansiert av reiselivsbedriftene som no slit med å legge inn midlar, og dels av inntekter frå salsinnsats som sviktar. Det er imidlertid viktig av destinasjonsselskapene også fungerer i den tida vi har framfor oss.

Gjennom denne saka gjev vi ei oppdatering om reiselivsinnsatsen til no, og vi fortel litt om den planlagde innsatsen framover. Denne innsatsen heng også saman med innsaten for utsette kommunar og område, i og med at ein del av desse har utfordringar knytta til reiseliv. Vi har i den samanhengen merka oss hovudutvalet sitt initiativ med å få til eit næring- og utviklingsfond for utsette kommunar og område. Det er følgjeleg viktig å arbeide for finansiering av både ein tiltakspakke for reiseliv og eit næring- og utviklingsfond. Sidan dette er siste møtet til hovudutvalet ber fylkesrådmannen om fullmakt til å disponere udisponerte restmidlar, primært inn mot ein tiltakspakke for reiseliv og eit næring- og utviklingsfond for utsette kommunar og område.

Gjennom denne saka vil vi også fortelje om prosjektet Travel like the locals, som innber ein innsats for å få besökande til å nytte buss- og båtruter som går likevel. Og vi ber om å disponere midlar til denne innsatsen i 2021.

Bård Sandal  
fylkesdirektør

Endre Høgalmen  
Seksjonssjef naturressursar,  
landbruk og reiseliv

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Reiselivsnæringa vart særhard ramma i samband med koronapandemien. Som ei følgje av situasjonen kring korona gjekk fylkeskommunen inn med ein ekstra innsats på 8,5 mill. kr i destinasjonsselskapet i 2020, for at dei skulle vere i stand til å gjere ein viktig jobb i ei krevjande tid. Tilbakemeldingane frå destinasjonsselskapet i ettertid er at den økonomiske støtta har vore avgjerande for at dei har greidd å vere operative, samt at dei blant anna fekk gjennomført marknadskampanjene sine før sommaren. I tillegg har fylkeskommunen gått inn med 1 mill. kr til ekstra marknadsinnsats gjennom Fjord Norge, samt 0,3 mill. kr til ny nettløysing for Fjord Norge og destinasjonsselskapet.

Delar av næringa hadde ein bra sommar med nordmenn som kundar. No er den dystre kvardagen tilbake. Dei utanlandske gjestene som næringa skulle leve av utover hausten og vinteren er her ikkje, og dei som lever av kurs- og konferansar melder om därleg marknad.

Fellesapparatet med destinasjonsselskapet og Fjord Norge har ein særhard funksjon i ei vanskeleg tid. Desse støtta reiselivsbedriftene, og arbeider med å marknadsføre i dei marknadane som der er råd å hente kundar. Destinasjonsselskapet er til vanleg dels finansiert av reiselivsbedriftene, som no i mindre grad har høve til å legge inn midlar. Også inntekter fra salsinnsatsen sviktar.

Utfordingane innan reiselivet vil truleg vedvare langt inn i 2021, om ikkje lenger. Fylkeskommunen samla til Reiselivsforum Vestland 22. oktober, der m.a. destinasjonsselskapet og Fjord Norge møter. Framtidsutsiktene og framtidig innsats innan reiseliv blei drøfta her. Det er tydeleg at den økonomiske stillinga til destinasjonsselskapet er venta å verte krevjande også for 2021. Dette har samanheng med at deler av inntektene deira kjem frå bidrag frå reiselivsbedrifter og inntekter frå direkte sal. I budsjettarbeidet for 2021 er det så langt sett av 2,8 mill. kr til arbeid gjennom destinasjonsselskapet. I møtet samla vi oss om å føreta ei førebels kartlegging av den venta økonomiske stoda for destinasjonsselskapet. Fylkeskommunen tinga ei innmelding, og vi har fått tilbakemelding frå samlede destinasjonsselskap. På bakgrunn av møtet og denne innrapporteringa kan vi slå fast at behovet er atskilleg høgre enn dei 2,8 mill. kr som er avsett i budsjettet så langt.

Administrasjonen arbeider no med å få til ein tiltakspakke for reiseliv til ein forsterka innsats og i å finne finansiering for denne. Denne reiselivspakken bør m.a. femne om tiltak som gjer at destinasjonsselskapet ikkje går i kne i ei tid då det er særleg viktig at dei fungerer. Dette for å drive ei god og målretta marknadsføring i eigen regi - og levere innhald til marknadsføring i regi av Fjord Norge. Destinasjonsselskapet har også ein viktig funksjon med å rádgje og rettleie reiselivsbedrifter i ei krevjande tid og utvikle sitt område. Ein reiselivspakke bør m.a. femne om

- Systematisk arbeid med å nå det framtidsbildet som vi har samla oss om - attraktivitet gjennom berekraft med
  - o Marknadsinnsats for å tiltrekke oss «dei rette» kundane
  - o Arbeid med å sikre kvalitet i alle ledd
  - o Arbeid med besøksforvaltning
  - o FoU-innsats som støttar opp under det framtidsbildet vi arbeider oss inn mot
- Supplerande støtte til destinasjonsselskapet
- Midlar til bedriftsintern opplæring

Vi skal framover gjere oss endå meir attraktive overfor individuelt reisande som betalar godt. Det som vi tilbyr må følgjeleg stå i stil med den betaling vi tenkjer å ta. I klartekst inneber dette kvalitet i alle ledd, alt frå mat og overnatting, til attraksjonar og det som vi kallar fellesfunksjonar. Dette siste kan vere alt frå skilting og toalett til ei god formidling av kvalitetane i området. Her er besøksforvaltning eit viktig innsatsområde. Dette inneber kort og godt at vi tek oss godt av gjestene våre og tenar pengar på dei, samstundes som vi tek vare på lokalsamfunna, natur og miljø.

### Travel like the locals

Eit viktig prosjekt inn mot ei meir berekraftig reiselivssatsing er prosjektet Travel like the locals. Travel like the locals er turistturar med kollektivtransport. Turane går med bussar, hurtigbåtar og ferjer som uansett skal gå, og slik bidreg konseptet til å fylle tome sete, og det gir turistar og reiselivsnæringa mogelegheit til å velje eit miljøvennleg reiseprodukt. Ein vinn-vinn-vinn-situasjon for kollektivselskapet, reiselivsnæringa og dei reisande. Prosjektet handlar om å gjere eit utval

rundreiser tilgjengeleg gjennom marknadsføring og booking med turskildringar retta mot tilreisande. Turane kan bookast på førehand eller under eit opphold gjennom ei nettside eller over disk på utvalde stadar.

Prosjektet er eit samarbeid mellom næringsavdelingane og samferdselsavdelingane i fylkeskommunane. Det har i fleire år vore eit sterkt ynskje frå reiselivsnæringa at kollektivtrafikken kan bli betre tilpassa og meir tilgjengeleg for tilreisande. Samstundes er det gode miljø- og klimamessige grunnar til at vi ynskjer å få fleire bort frå eigen bil, og over på kollektive reiseformer. Eit aukande tal turistar ynskjer også sjølv å sjå reisemålet «frå innsida» - dei ynskjer å reise som dei lokale. Prosjektet løyser problemstillinga på ein enkel måte ved å nytte eksisterande ruter og gjere dei synlege, attraktive og lett å booke direkte.

I september 2019 blei den føregåande sommarsesongen evaluert. Salet var lågare enn vi venta og evalueringa syntetiserte at grunnen til dette var at ein kom seint i gong med salsklare turar, noko som gjorde at dei som skulle selje dei ikkje fekk god nok tid til å setje seg inn i produktet før dei skulle selje dei, at bookingprosessen «over disk» tok for lang tid og det var avgrensa med tid og midlar til marknadsmidlar i forkant, slik at produktet var for dårleg kjent. I tillegg har det vore utfordringar med manglende eigarskap og forankring til produktet hjå dei ulike aktørane involvert. Styringsgruppa såg behov for å vidareføre Travel like the locals som prosjekt i minst eit år til for å sikre at tilbodet blei godt forankra. Som vi alle er kjent med kom koronapandemien og sette ein stoppar på nesten all reiseaktivitet.

For sommarsesongen 2020 har det vore lite sal av turar, og marknadsføring av tilbodet blei også stoppa når koronapandemien kom til landet. I Møre og Romsdal har ein selt nokre turar, men langt unna tidlegare års sal. For Sogn og Fjordane er det stort sett Vandrebussen i Aurlandsdalen det har blitt selt billettar til. Med Covid-19 i tillegg til utfordringane som er avdekka med manglende eigarskap og forankring er det nødvendig å ta eit steg tilbake og forsøke å reetablere «Travel like the locals». Det er behov for å betre forankring i mange ledd og det er difor nødvendig at ein i løpet av vinteren 2020/2021 vert jobba med dette for 2021-sesongen. Samtidig er det behov for å få avklart korleis Travel like the locals skal driftast og finansierast frå 2022-sesongen. Kostnadene for 2021-sesongen vert om lag kr 250 000 for Vestland fylkeskommune sin del, i tillegg til den tida som våre eigne tilsette vil nytte.

#### Ein samla innsats for reiseliv og utsette kommunar og område

Den krevjande stoda for reiselivet pregar naturleg nok dei kommunar og område der reiselivet står sterkt. Arbeidet med ein tiltakspakke mm inn mot reiselivet må følgjeleg sjåast i samanheng med denne innsatsen for utsette kommunar og område. Vi har i den samanhengen merka oss hovudutvalet sitt initiativ med å få til eit nærings- og utviklingsfond for utsette kommunar og område. Det er følgjeleg viktig å arbeide for finansiering av både ein tiltakspakke for reiseliv og eit nærings- og utviklingsfond. Sidan dette er siste møtet til hovudutvalet ber administrasjonen om fullmakt til å disponere udisponerte restmidlar, primært inn mot ein tiltakspakke for reiseliv og eit næring- og utviklingfond for utsette kommunar og område. Arbeidet inn mot utsette kommunar og område femnar om meir enn reiseliv, og vi følgjer m.a. med på kommunar som har tungt innslag av leverandørindustri til petroleumssektoren og maritime næringar.

#### Vedtakskompetanse

Hovudutval for næring har vedtakskompetanse med utgangspunkt i Reglement for folkevalde organ og delegering.

#### Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Ei vidare satsing på Travel like the locals vil krevje ein fylkeskommunal innsats på om lag 250 000 kr i 2021. Arbeidstidene til medarbeidarane våre kjem i tillegg. Det vert arbeidt vidare med å finansiere ein tiltakspakke for reiseliv.

**Klima:** Klima og berekraft står sentralt i den fylkeskommunale reiselivssatsinga. Prosjektet Travel like the locals er eit berekraftig og klimavennleg reiselivsprodukt.

**Folkehelse:** Ein innsats innan reiseliv og utsette næringar fremmar folkehelsa.

**Regional planstrategi:** Den skisserte innsatsen er i tråd med overordna føringar.

#### Konklusjon

Reiselivsnæringa vart særskilt ramma i samband med koronapandemien. Fungerande destinasjonsselskap er avgjerdande for ei berekraftig utvikling av næringa. Det vert arbeidt vidare med å forme ein tiltakspakke for reiseliv. Administrasjonen får også fullmakt til å rute disponibele

midlar inn mot finansiering av ein tiltakspakke for reiseliv og eit nærings- og utviklingsfond for utsette kommunar og område.

Travel like the locals er eit godt og berekraftig produkt som aukar samarbeidet på tvers av næringsavdelingane og samferdselsavdelingane. Det er avgjerande at økonomien kjem på plass for å få til ei vidare satsing i 2021. Det vert sett av kr 250 000 til denne innsatsen, dekka med midlar frå innovasjon og næring sit budsjett for 2020.